



Til utvikling for vidare arbeid,

Regine Solberg Aklestad

Vår referanse  
19/10011 21/8116

Din referanse

Sakshandsamar  
Sonja Håvik

Dato  
21.04.2021

### **Handsaming av motsegner og merknader - Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune - planid 2016005**

Formannskapet har i møte 20.04.2021, sak 49/21, fatta følgjande vedtak:

1. Formannskapet er innstilt på å imøtekome eller delvis imøtekome fylgjande motsegn:

- A1 - Gravrøys ID 66551 – Birkevik
  - A2 - Gravfelt ID 15923 – Birkevik
  - A3 - Automatisk freda kulturminne ID 271129 – Skjervamarka
  - A4 - Storerøysa ID 45597 – Austefjorden
  - A5 - Steinalderlokalitet ID 14729 – Folkestad
  - A6 - Gravrøys ID 66553 – Brautabugen
- A1 - Gravrøys ID 66551 – Birkevik
  - A2 - Gravfelt ID 15923 – Birkevik
  - A3 - Automatisk freda kulturminne ID 271129 – Skjervamarka
  - A4 - Storerøysa ID 45597 – Austefjorden
  - A5 - Steinalderlokalitet ID 14729 – Folkestad
  - A6 - Gravrøys ID 66553 – Brautabugen
- jf. vedlegg 1: Motsegn og merknadsskjema. Planforslaget vert endra slik det kjem fram i vedlegg 1.

2. Formannskapet er ikkje innstilt på å imøtekome fylgjande motsegn:

- B1 - B234 - Egset - Bustadbebyggelse
- B2 - B105 - Ytrestøyl - Bustadbebyggelse
- B3 - B242 - Lindevegen - Bustadbebyggelse
- B4 - B242 - Lindevegen - Bustadbebyggelse
- B5 - BKB9 - Furene - Kombinert formål
- B6 - BKB11 - Furene - Kombinert formål
- B7 - BKB11 - Furene - Kombinert formål
- B8 - BKB24 - Furene/Morkabygda - Kombinert formål
- B9 - BKB24 - Furene/Morkabygda - Kombinert formål

- B1 - B234 - Egset - Bustadbebyggelse
- B2 - B105 - Ytrestøyl - Bustadbebyggelse
- B3 - B242 - Lindevegen - Bustadbebyggelse
- B4 - B242 - Lindevegen - Bustadbebyggelse
- B5 - BKB9 - Furene - Kombinert formål
- B6 - BKB11 - Furene - Kombinert formål
- B7 - BKB11 - Furene - Kombinert formål
- B8 - BKB24 - Furene/Morkabygda - Kombinert formål
- B9 - BKB24 - Furene/Morkabygda - Kombinert formål
  - B10 - Krav til nær- og kvartalsleikeplassar
  - B11 - Automatisk freda kulturminne - Lid Kråkeneset
  - B12 - Dyrkingsflate ID 177067 – Volda sentrum, Strand
  - B13 - Steinalderlokalitet ID 147201 – Austefjorden

Jf. vedlegg 1: Motsegn og merknadsskjema. Formannskapet held fast på arealbruken og føresegn i planforslaget, knytt til desse områda.

3. Formannskapet ber administrasjonen ta kontakt med partane som har fremma motsegn for å forsøke å avklare om det er mogleg å bli samde om plangrep som kan gi grunnlag for trekking av motsegn.
4. Dersom partane ikkje vert einige er formannskapet innstilt på å gå til formell mekling for motsegnspunkta B1-B13, jf. vedlegg 1: Motsegn og merknadsskjema.
5. Formannskapet imøtekjem eller delvis imøtekjem merknadene C1–C41, slik det kjem fram i vedlegg 1: Motsegn og merknadsskjema.
6. Formannskapet imøtekjem ikkje merknadane D1–D37. Mindre endringar vert delvis imøtekome, slik det kjem fram i vedlegg 1: Motsegn og merknadsskjema.
7. Formannskapet imøtekjem ikkje merknadane E1–E8. Mindre endringar vert delvis imøtekome, slik det kjem fram i vedlegg 1: Motsegn og merknadsskjema.

Med helsing

Sonja Håvik  
førstekonsulent

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur

Mottakar  
Regine Solberg Aklestad



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
49/21	Formannskapet	20.04.2021

### Handsaming av motsegner og merknader - Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune - planid 2016005

#### Samandrag:

Kommunedelplan for tidlegare Volda vart sendt på 2. gongs høyring og offentleg ettersyn i desember 2020, jf. vedtak i formannskapet 08.12.2020. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune har varsla motsegn til 2. høyringsforlag, med til saman 19 motsegnspunkt. I tillegg har kommunen motteke nærare 90 merknadspunkt i høyringsperioden. Dette er merknader både frå offentlege høyringsinstansar, grunneigarar, organisasjonar og andre. I denne saka skal formannskapet ta stilling til kva motsegn og merknader kommunen skal imøtekome og ikkje.

Enkelte av merknadane gjeld forslag til nye eller endra utbyggingsområde og krev ROS og/eller konsekvensutgreiing og/eller ny høyring. Det er også enkelte merknader utan krav om ROS og/eller KU, men som medfører endringar av planforslaget og krev ny høyring. Dersom formannskapet ynsker å imøtekome desse merknadene, må planen på 3. gongs høyring og offentleg ettersyn.

Dersom formannskapet ikkje ynsker å imøtekome merknader som krev ny høyring, vil neste skritt vere å avtale meklingsmøte med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune, knytt til motsegnspunkta.

Det er eit omfattande arbeid å gå gjennom motsegn og merknader. Det vert ei orientering om saka i møtet, men ein vil ikkje ha moglegheit til å gå gjennom alle motsegna og merknadene i detalj. Det er difor viktig at formannskapet sett seg inn i saka før møtet.

#### Formannskapet 20.04.2021:

#### Behandling:

Komunndelplan for tidlegare Volda kommune, foreslått av Arild Iversen, Kristeleg Folkeparti:

*D10: Råstoff utvinning: Formannskapet imøtekjem utvida område til masseuttak i Skinnvik i Austefjorden*

*D11: Formannskapet imøtekjem merknad med formål utbygging av bustader i område BKB34 med avgrensing tilsvarande 50 meter til Øyraelva*

*D19/20: Forslag om opning av Uravegen vert ikkje imøtekome. Dagen veg kan utvidast med gangveg for å sikre mjuke trafikantar*

Forslag til endring punkt B10 - TREKT, foreslått av Silje Louise Dahl, Sosialistisk Venstreparti:

*B10: krav til nær- og kvartalsleikeplass  
Volda kommune vil halde på dei maksimale avstandskrava Statsforvaltaren tilrår, med maksimalt 50m frå bustad til nærleikeplass og 150m kvartalsleikeplassar.*

Kommunedelplan D19, foreslått av Odd A. Folkestad, Volda-lista:

*D19 ver teken ut av planen og fremma som eigen k.styresak*

B3 og B4, foreslått av Silje Louise Dahl, Sosialistisk Venstreparti:

*Motsegnene for b3 og b4 vert imøtekomne*

Røysting (9 røysteføre):

Framlegget frå Odd A. Folkestad (VL) vedk. D19 (Uravegen) fekk 2 røyster (Odd A. Folkestad og Arild Iversen) og fall, 7 røysta mot.

Framlegget frå Arild Iversen (Krf) vedk. D 10 (masseuttak Skinvika) fekk ei røyst (Arild Iversen) og fall, 8 røysta mot.

Framlegget frå Arild Iversen (Krf) vedk. D 11 (bustader i BKB34) fekk ei røyst (Arild Iversen) og fall, 8 røysta mot.

Framlegget frå Arild Iversen (Krf) vedk. D 19 og 20 (Uravegen) fekk 2 røyster (Arild Iversen og Odd A. Folkestad) og fall, 7 røysta mot.

Silje Dahl (SV) trekte framlegget sitt om punkt B10 (krav til nær- og kvartalsleikeplassar).

Framlegget frå Silje Dahl (SV) vedk. B3 og B4 (friorråde Lindevegen) fekk to røyster (Silje Dahl og Margrete Trovåg) og fall, 7 røysta mot.

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

## FSK- 49/21 Vedtak:

7. Formannskapet er innstilt på å imøtekome eller delvis imøtekome fylgjande motsegn:

1. A1 - Gravrøys ID 66551 – Birkevik
  2. A2 - Gravfelt ID 15923 – Birkevik
  3. A3 - Automatisk freda kulturminne ID 271129 – Skjervamarka
  4. A4 - Storerøysa ID 45597 – Austefjorden
  5. A5 - Steinalderlokalitet ID 14729 – Folkestad
  6. A6 - Gravrøys ID 66553 – Brautabugen
- A1 - Gravrøys ID 66551 – Birkevik
  - A2 - Gravfelt ID 15923 – Birkevik
  - A3 - Automatisk freda kulturminne ID 271129 – Skjervamarka
  - A4 - Storerøysa ID 45597 – Austefjorden
  - A5 - Steinalderlokalitet ID 14729 – Folkestad
  - A6 - Gravrøys ID 66553 – Brautabugen
- jf. vedlegg 1: Motsegn og merknadsskjema. Planforslaget vert endra slik det kjem fram i vedlegg 1.

2. Formannskapet er ikkje innstilt på å imøtekome fylgjande motsegn:

7. B1 - B234 - Egset - Bustadbebyggelse
  8. B2 - B105 - Ytrestøyl - Bustadbebyggelse
  9. B3 - B242 - Lindevegen - Bustadbebyggelse
  10. B4 - B242 - Lindevegen - Bustadbebyggelse
  11. B5 - BKB9 - Furene - Kombinert formål
  12. B6 - BKB11 - Furene - Kombinert formål
  13. B7 - BKB11 - Furene - Kombinert formål
  14. B8 - BKB24 - Furene/Morkabygda - Kombinert formål
  15. B9 - BKB24 - Furene/Morkabygda - Kombinert formål
- B1 - B234 - Egset - Bustadbebyggelse
  - B2 - B105 - Ytrestøyl - Bustadbebyggelse
  - B3 - B242 - Lindevegen - Bustadbebyggelse
  - B4 - B242 - Lindevegen - Bustadbebyggelse
  - B5 - BKB9 - Furene - Kombinert formål
  - B6 - BKB11 - Furene - Kombinert formål
  - B7 - BKB11 - Furene - Kombinert formål
  - B8 - BKB24 - Furene/Morkabygda - Kombinert formål
  - B9 - BKB24 - Furene/Morkabygda - Kombinert formål
    - B10 - Krav til nær- og kvartalsleikeplassar
    - B11 - Automatisk freda kulturminne - Lid Kråkeneset
    - B12 - Dyrkingsflate ID 177067 – Volda sentrum, Strand
    - B13 - Steinalderlokalitet ID 147201 – Austefjorden

Jf. vedlegg 1: Motsegn og merknadsskjema. Formannskapet held fast på arealbruken og føresegn i planforslaget, knytt til desse områda.

3. Formannskapet ber administrasjonen ta kontakt med partane som har fremma motsegn for å forsøke å avklare om det er mogleg å bli samde om

plangrep som kan gi grunnlag for trekking av motsegn.

4. Dersom partane ikkje vert einige er formannskapet innstilt på å gå til formell mekling for motsegnspunkta B1-B13, jf. vedlegg 1: Motsegn og merknadsskjema.
5. Formannskapet imøtekjem eller delvis imøtekjem merknadene C1–C41, slik det kjem fram i vedlegg 1: Motsegn og merknadsskjema.
6. Formannskapet imøtekjem ikkje merknadane D1–D37. Mindre endringar vert delvis imøtekome, slik det kjem fram i vedlegg 1: Motsegn og merknadsskjema.
7. Formannskapet imøtekjem ikkje merknadane E1–E8. Mindre endringar vert delvis imøtekome, slik det kjem fram i vedlegg 1: Motsegn og merknadsskjema.

#### **Kommunedirektøren si tilråding:**

1. Formannskapet er innstilt på å imøtekome eller delvis imøtekome fylgjande motsegn:
  - A1 - Gravrøys ID 66551 – Birkevik
  - A2 - Gravfelt ID 15923 – Birkevik
  - A3 - Automatisk freda kulturminne ID 271129 – Skjervamarka
  - A4 - Storerøysa ID 45597 – Austefjorden
  - A5 - Steinalderlokalitet ID 14729 – Folkestad
  - A6 - Gravrøys ID 66553 – Brautabugen
  - A1 - Gravrøys ID 66551 – Birkevik
  - A2 - Gravfelt ID 15923 – Birkevik
  - A3 - Automatisk freda kulturminne ID 271129 – Skjervamarka
  - A4 - Storerøysa ID 45597 – Austefjorden
  - A5 - Steinalderlokalitet ID 14729 – Folkestad
  - A6 - Gravrøys ID 66553 – Brautabugen

jf. vedlegg 1: Motsegn og merknadsskjema. Planforslaget vert endra slik det kjem fram i vedlegg 1.
2. Formannskapet er ikkje innstilt på å imøtekome fylgjande motsegn:
  - B1 - B234 - Egset - Bustadbebyggelse
  - B2 - B105 - Ytrestøyl - Bustadbebyggelse
  - B3 - B242 - Lindevegen - Bustadbebyggelse
  - B4 - B242 - Lindevegen - Bustadbebyggelse
  - B5 - BKB9 - Furene - Kombinert formål
  - B6 - BKB11 - Furene - Kombinert formål
  - B7 - BKB11 - Furene - Kombinert formål
  - B8 - BKB24 - Furene/Morkabygda - Kombinert formål
  - B9 - BKB24 - Furene/Morkabygda - Kombinert formål
  - B1 - B234 - Egset - Bustadbebyggelse
  - B2 - B105 - Ytrestøyl - Bustadbebyggelse
  - B3 - B242 - Lindevegen - Bustadbebyggelse
  - B4 - B242 - Lindevegen - Bustadbebyggelse

- B5 - BKB9 - Furene - Kombinert formål
- B6 - BKB11 - Furene - Kombinert formål
- B7 - BKB11 - Furene - Kombinert formål
- B8 - BKB24 - Furene/Morkabygda - Kombinert formål
- B9 - BKB24 - Furene/Morkabygda - Kombinert formål
  - B10 - Krav til nær- og kvartalsleikeplassar
  - B11 - Automatisk freda kulturminne - Lid Kråkeneset
  - B12 - Dyrkingsflate ID 177067 – Volda sentrum, Strand
  - B13 - Steinalderlokalitet ID 147201 – Austefjorden

Jf. vedlegg 1: Motsegn og merknadsskjema. Formannskapet held fast på arealbruken og føresegn i planforslaget, knytt til desse områda.

3. Formannskapet ber administrasjonen ta kontakt med partane som har fremma motsegn for å forsøke å avklare om det er mogleg å bli samde om plangrep som kan gi grunnlag for trekking av motsegn.
4. Dersom partane ikkje vert einige er formannskapet innstilt på å gå til formell mekling for motsegnspunkta B1-B13, jf. vedlegg 1: Motsegn og merknadsskjema.
5. Formannskapet imøtekjem eller delvis imøtekjem merknadene C1–C41, slik det kjem fram i vedlegg 1: Motsegn og merknadsskjema.
6. Formannskapet imøtekjem ikkje merknadane D1–D37. Mindre endringar vert delvis imøtekome, slik det kjem fram i vedlegg 1: Motsegn og merknadsskjema.
7. Formannskapet imøtekjem ikkje merknadane E1–E8. Mindre endringar vert delvis imøtekome, slik det kjem fram i vedlegg 1: Motsegn og merknadsskjema.

**Vedlegg:**

Vedlegg 1 Motsegn og merknadsskjema\_13 04 2021

**Saksopplysningar:**

Kommunedelplan for tidlegare Volda vart sendt på 2. gongs høyring og offentleg ettersyn i desember 2020, jf. vedtak i formannskapet 08.12.2020. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune har varsla motsegn til 2. høyringsframlegg, med til saman 19 motsegnspunkt. I tillegg har kommunen motteke nærare 90 merknadspunkt i høyringsperioden. Dette er merknader både frå offentlege høyringsinstansar, grunneigarar, organisasjonar og andre.

Vedlegg 1: Motsegn og merknader inneheld ei oversikt over innkomne motsegn og merknader, med administrasjonen sine vurderingar. Kapittel A og B tek for seg motsegn, kapittel C–E inneheld merknader. Merknader er delt mellom merknader knytt til endra arealbruk som utløyser krav om ROS-analyse og/eller konsekvensutgreiing (KU), og andre merknader. Dokumentet er sortert på fylgjande måte:

**Motsegn**

**Kapittel A** inneheld ei oversikt over motsegn kommunen ynskjer eller delvis ynskjer å imøtekomme.

**Kapittel B** inneheld ei oversikt over motsegn kommunen ikkje ynskjer å imøtekomme.

**Merknader – utan krav om ROS/KU**

**Kapittel C** inneheld ei oversikt over merknader som kommunen ynskjer å imøtekomme eller delvis imøtekomme. Merknadene krev ikkje ROS-analyse eller KU, anten fordi ROS/KU er gjennomført tidlegare, eller fordi merknaden ikkje utløyser krav om ROS/KU. Merknadene krev etter kommunen si vurdering heller ikkje ny høyring.

**Kapittel D** inneheld ei oversikt over merknader som kommunen ikkje ynskjer å imøtekomme. Merknadene krev ikkje ROS/KU, anten fordi ROS/KU er gjennomført tidlegare, eller fordi merknaden ikkje utløyser krav om ROS/KU. Enkelte merknader kan likevel krevje ny høyring.

**Merknader – med krav om ROS/KU**

**Kapittel E** inneheld ei oversikt over merknader knytt til nye/endra utbyggingsområde, som krev ROS/KU, og som kommunen ikkje ynskjer å imøtekomme. Merknadene gjeld område som ikkje er vurdert i ROS/KU tidlegare i prosessen.

I denne saka skal formannskapet ta stilling til kva motsegn og merknader kommunen skal imøtekomme og ikkje.

**Nærare om dei ulike kapitla**

**Kapittel A** inneheld ei oversikt over motsegn kommunen ynskjer å imøtekomme. Alle motsegna i kapittel A er motsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune, og er knytt til kulturminne. I 1. høyring hadde fylkeskommunen eit generelt motsegn knytt til kulturminne, da dei meinte kartgrunnlaget var for dårleg til å sjå enkeltpunkt. I 2. høyring fekk dei eit betre kartgrunnlag, og har nå fleire motsegn til konkrete område. Dette er motsegn som administrasjonen meiner kan imøtekomast ved at planframlegget vert endra (heilt eller



delvis) i samsvar med innhald i motsegn. Administrasjonen ynskjer å gå i dialog med fylkeskommunen om desse motsegnspunkta, for å avklare om det er mogleg å bli samde om plangrep som kan gi grunnlag for trekking av motsegn.

**Kapittel B** inneheld ei oversikt over motsegn kommunen ikkje ynskjer å imøtekomme. I 1. høyringsperiode varsla både Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune og NVE motsegn til planen. Etter dialog med høyringsinstansane vart fleire av motsegnspunkta trekt. NVE har trekt alle sine motsegn, men Statsforvaltaren og fylkeskommunen held framleis fast på fleire av sine motsegnspunkt. I tillegg til tidlegare motsegn, har begge instansane også varsla motsegn til B242 – bustadbebyggelse i Lindevegen (B3 og B4). Dette utbyggingsformålet var ikkje med i fyrste høyringsframlegg. Kapittel B inneheld også tre motsegn knytt til kulturminne (B11–B13). Kommunen stiller spørsmål ved om det er rett å vise omsynssone for desse i kommunedelplanen, da det er reguleringsplanar som er gjeldande for områda. Dette må avklarast med fylkeskommunen. Motsegna er ikkje imøtekomme.

Da dei fleste av motsegnspunkta var drøfta på dialogmøte etter fyrste høyringsrunde, og ein ikkje vart einige om ei løysing, er det aktuelt å avtale formell mekling med høyringsinstansane knytt til motsegnspunkta i kapittel B. Viss planen skal på ein 3. høyringsrunde, må ein vente med formell mekling. Viss planen ikkje skal på ein 3. høyringsrunde, må formannskapet vere tydelege på kva motsegnspunkt kommunen skal gå til formell mekling på.

**Kapittel C** inneheld ei oversikt over merknader som kommunen ynsker å imøtekomme eller delvis imøtekomme. Merknadene krev ikkje ROS/KU, anten fordi ROS/KU er gjennomført tidlegare, eller fordi merknaden ikkje utløyser krav om ROS/KU. Ein del av merknadane vil føre til korrigeringar, mindre endringar eller suppleringar i føresegn eller andre plandokument. Etter kommunen si vurdering er ikkje desse endringane ei vesenteleg endring av innhaldet i føresegnene eller plandokumenta, og vil difor ikkje utløyse krav om ny høyring. Korleis kommunen ynskjer å imøtekomme eller delvis imøtekomme merknaden kjem fram i «kommunen sin kommentar og konklusjon» i vedlegget. Dersom formannskapet ynskjer å imøtekomme merknadene i kapittel C, vert plandokumenta oppdatert jf.kommunen sin kommentar og konklusjon i vedlegget.

**Kapittel D** inneheld ei oversikt over merknader som kommunen ikkje ynskjer å imøtekomme. Ein stor del av merknadene vart også vurdert i fyrste høyringsrunde. Merknadene krev ikkje ROS/KU, anten fordi ROS/KU er vurdert tidlegare, eller fordi merknaden ikkje utløyser krav om ROS/KU. Enkelte merknader kan likevel krevje ny høyring. Dette gjeld mellom anna merknader knytt til utbyggingsareal som ikkje var med i 1. eller 2. høyringsframlegg, eller merknader til føresegn som vil gi vesentlege endringar av innhaldet. Dersom ein legg ut nytt utbyggingsareal, må planen på ny høyring. Merknadene i kapittel D er i hovudsak ikkje imøtekomme. Mindre endringar kan likevel imøtekomast, knytt til enkelte merknader. Desse er markert med «Delvis imøtekomme», og dei mindre endringane kjem fram av «kommunen sin kommentar og konklusjon» i vedlegget. Merknader som er delvis imøtekomme utløyser ikkje krav om ROS/KU eller ny høyring.

**Kapittel E** inneheld ei oversikt over merknader knytt til endra arealbruk som krev ROS/KU, og som kommunen ikkje ynskjer å imøtekomme. Merknadene gjeld område som ikkje er vurdert i ROS/KU tidlegare i prosessen. Ein stor del av merknadene i kapittel E er knytt til område som er vidareført frå gjeldande plan. Flytting eller endring av utbyggingsareal krev ROS/KU. Enkelte av merknadene kan delvis imøtekomast, ved å endre føresegn til området. Desse merknadene er markert med «Delvis imøtekomme», og dei mindre endringane kjem fram av «kommunen sin kommentar og konklusjon» i vedlegget. Merknader som er delvis imøtekomme utløyser ikkje krav om ROS/KU eller ny høyring.

Administrasjonen tilrår at ein ikkje gjennomfører ROS/KU av områda i kapittel E. Dersom formannskapet likevel skulle ynskje å vurdere enkelte av merknadene, vil administrasjonen gjennomføre ROS/KU for utvalte område, og seinare ta stilling til om ein ynskjer å endre planen. Eventuelle endringar i planen vil krevje ny høyring.

### **Vurdering og konklusjon:**

Det er eit omfattande arbeid å gå gjennom motsegn og merknader. Det vert ei orientering om saka i møtet, men ein vil ikkje ha moglegheit til å gå gjennom alle motsegna og merknadene i detalj. Det er difor viktig at formannskapet sett seg inn i saka før møtet.

I administrasjonen si tilråding ynskjer ein å imøtekome motsegn i kapittel A frå Møre og Romsdal fylkeskommune knytt til kulturminne. Administrasjonen ynskjer å ta kontakt med partane som har fremma motsegn for å forsøke å avklare om det er mogleg å bli samde om plangrep som kan gi grunnlag for trekking av motsegna i kapittel A.

Andre motsegn ynskjer ein ikkje å imøtekome (kapittel B). Administrasjonen tilrår å ta med motsegna i kapittel B til formell mekling med høyringsinstansane. Det er ynskjeleg at formannskapet er representert med tre representantar i den formelle meklinga, og deltek saman med administrasjonen.

Administrasjonen tilrår å imøtekome eller delvis imøtekome merknader i kapittel C. Plandokumenta vil bli oppdatert jf. vedlegg 1: Motsegn og merknadsskjema.

Administrasjonen tilrår å ikkje imøtekome merknader i kapittel D–E. Ein del av merknadene er ikkje tilstrekkeleg avklart, ikkje tidskrisiske eller konkrete nok til at dei kan eller bør takast inn – og kan utsettast til neste revisjon. Nokon av merknadene vil kunne gi motsegn, og er difor ikkje ynskjelege å ta inn no. Andre merknader er vurdert tidlegare, utan at det er kome nye opplysningar som gir grunnlag for endra haldning. Mindre endringar kan likevel vurderast, og enkelte merknader kan delvis imøtekomast, slik det kjem fram av vedlegg 1: Motsegn og merknadsskjema. Dette er endringar som ikkje utløyser krav om ROS/KU eller ny høyring.

Dersom formannskapet ikkje ynskjer å imøtekome merknader som krev ny ROS/KU eller ny høyring, vil neste skritt vere å avtale meklingsmøte med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune, knytt til motsegnspunkta. Ein vil også sette i gang arbeidet med å oppdatere plandokument, jf. imøtekome/delvis imøtekome merknader.

Dersom formannskapet likevel ynskjer å imøtekome merknader som krev ROS/KU eller ny høyring, vil administrasjonen sette i gang med ROS/KU, og førebu ny høyringsrunde. Da vert formelt meklingsmøte med høyringsinstansane utsett til 3. høyringsrunde er gjennomført.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa: Er skildra i plandokumenta.

Miljøkonsekvensar: Er skildra i plandokumenta.

Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende.  
Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende.  
Konsekvensar for barn og unge: Er skildra i plandokumenta.

Har [eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd](#) fått saka til uttale? Nei

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Rune Sjurgard  
kommunedirektør